



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

Saksbehandlar:

Ola Hålmoen

Arkivsaksnr: 16/1348

Arkiv: C22

Behandla av:
Formannskapet

Møtedato
19.10.2017

Saksnr:
096/17

Kartlegging og verdsetting av område for friluftsliv

Utskrift til: Adresseliste

Vedlegg:

Egenskapsdata friluftsområde
Friluftsområde plankart

Bakgrunn for saka:

Klima- og miljødepartementet starta i 2014 eit fleirårig prosjekt for å stimulere til kartlegging av friluftsområde i heile landet. Målet er at kommunane sine viktigaste område for friluftsliv er kartlagt og verdsatt innan 2018.

Bakgrunn for prosjektet er å nå det nasjonale målet om at alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv. Det er derfor viktig å ivareta eit bredt spekter av område med ulike kvalitetar. Som ledd i dette arbeidet skal friluftsområde kartleggast og vurderast med omsyn til kvalitet og verdi. Oppland fylkeskommune har prosjektansvar på fylkesnivå.

Saksopplysningar:

Gjeldande stig- og løypeplan. Revisjon/Oppdatering.

Stig- og løypeplan for 2012-2015 hadde følgjande hovudtema og plankart:

- Hovudruter for fottur og sykkel. I tillegg var det avgrensa aktuelle område for tilrettelegging av nærturområde (lokale tur og kartområde).
- Skiløyper.
- Friluftsområde – kartlegging og verdsetting samt spesielt tilrettelagte område.
- Motorferdsel - verneområde – sårbare område.

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde vart gjennomført med utgangspunkt i tidlegare versjon av DN vegleiar (DN handbok 25). I samband med nasjonalt prosjekt er det utarbeida revidert vegleiar M98-2013.

I samband med innleiande arbeide med revisjon av stig- og løypeplan starta opp i 2015 vart revisjon av tema 'Friluftsområde – kartlegging og verdsetting' prioritert med bakgrunn i nemnde nasjonale prosjekt. Følgjande tema/område vart prioritert i samband med oppdatering/revisjon:

- Nærturterreng(NT) og leike- og rekreasjonsområde(LR).
- Valdresflya med bakgrunn etablering av 'Nasjonal turistveg' og nye turmoglegheiter prioritert i gjeldande stig- og løypeplan.

Organisering

Det er etablert intern arbeidsgruppe med følgjande samansetning: fjelloppsyn, skogbrukssjef og fagsjef miljø.

Lag/organisasjonar, velforeningar/grendelag, skule og barnehagar er invitert til å koma med innspel og deltaking på arbeidsmøte.

Framlegg til kartlegging og verdsetting av friluftsområde.

Framlegg omfattar i alt 53 område fordelt på 9 områdetyper: Nærturterreng (NT) leike- og rekreasjonsområde (LR), marka (MA), strandsoner (SS), utfartsområde (UO), store turområde med tilrettelegging(TM), store turområde utan tilrettelegging(TU), særlege kvalitetsområde(SK) og grønnkorridor (GK), jfr. også teiknforklaring på kart. Påskrift på kart syner id i eigenskapstabell samt verdi. Eigenskapsdata for kvart område går fram av vedlagt eigenskapstabell. Områdetype og verdi samt grunnlaget for verdsetting er markert med grøn farge i tabell. Kvart område har også kort områdebeskriving.

Vurdering:

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde er ei metode som er løfta fram i *Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv og Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde*. Begge lagt fram av regjeringa i 2013.

Aktuell bruk av kart over prioriterte og verdsette friluftsområde med eigenskapsdata:

- Grunnlag for all arealplanlegging
- Grunnlag for verksemdsarbeid innanfor friluftsliv herunder prioritering av midlar.
- Grunnlag for utarbeiding av søknader om spelemidlar og andre tilskotsmidlar.
- Grunnlag for enkeltsaksbehandling og konsekvensutgreiing.
- Grunnlag for målretta innsats for å betre tilretteleggingen for friluftsliv.
- Grunnlag for målretta forvaltning av friluftsområde.
- Evt. planprosess for etablering av rekreasjonsløyper for snøscooter krev at aktuelle område er kartlagt og verdivurdert, jfr. Nasjonal forskrift § 4 a.
- Kart og eigenskapsdata blir lagt inn i nasjonal base (Naturbase), og data vil dermed kunne bidra til marknadsføring av spesielle kvalitetar kommunen har på dette området.

Rådmannen tilrår å senda framlegg til kartlegging og verdsetting av friluftsområde på lokal høyring inkludert nabokommunar. Høyringsfrist blir sett til 26.11.2017.

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak/innstilling:

Formannskapet vedtek å senda framlegg til kartlegging og verdsetting av friluftsområde på lokal høyring inkludert nabokommunar. Høyringsfrist blir sett til 26.11.2017.

19.10.2017 Formannskapet

Behandling:

Samrøystes vedteke

FS-096/17 Vedtak:

Formannskapet vedtek å senda framlegg til kartlegging og verdsetting av friluftsområde på lokal høyring inkludert nabokommunar. Høyringsfrist blir sett til 26.11.2017.

Rett møtebok: